




GRANNANYTT!

Indre Austsio Grannalag Nr 1 2015

Her kjem litt smånyttig informasjon til deg som høyrer til i krinsen vår :o)

Aktivitetsskalendar:

Månad/Dato	AKTIVITET
APRIL	
16	Eldrelaget - Møte i Grannatun
23	Føyk – Trimkarusell, Sekse
28	Føyk – Trimkarusell, Sekse
29	IAG – Grendamøte om kommunereforma, Grannatun
MAI	
3	Føyk – Trimkarusell, Sekse
4	4H - Loddsal
7	Eldrelaget – Dagstur
17	Festarrangement på Sekse 
30.-31.	Føyk – Tur over Folgefonna
JUNI	
18	4H – Sommaravslutning, Sekse
JULI	
AUGUST	
23	Føyk – Tur i Dronningstien
28.-30.	4H – Tur til Rossavarden
SEPTEMBER	
8	4H - Oppgåvemøte
19	Espe Bygdekvinnelag – Damenes aften
20	4H - Liatravtur

Lag/organisasjonar eller andre, som skal ha aktivitet som ikkje er komen med her, kan sende ein e-post til grannalaget, post@indreaustsio.no, slik at me får det med i aktivitetsskalendaren som ligg der.

På heimesida vår: www.indreaustsio.no vert mykje informasjon kring aktivitet i krinsen lagt ut, så følg med! Oppfordrar alle lag/organisasjonar til å leggje ut sin informasjon og aktivitet her, og på denne måten bidra til at sida vert «levande»!

GRENDAPORTAL

• Ein stad for kommunikasjon i krinsen.



Indre austsio har eit aktivt organisasjonsliv, og her kjem litt oppdateringar frå dei ulike laga:

INDRE AUSTSIO GRANNALAG (IAG)

Prosjektframdrift:

1. Miljøtiltak: Bord og benker er ferdige, og arbeidet er i gang med å setje i stand møteplassane. Foeløp vert tilrettelagt på desse stadene; Velteplassen (Seglgjerd), Midtsekse (v/Johannes), Høgaberg (v/Karl Arvid), Nedre Børve (v/Edel Karin), evt kaien på Espe og kaien på Børve?
2. Bustadfelt: Det har vore møte med Per Berge, IAG og Ullensvang Herad. Markaståarealet er no taksert, og me har fått lovnad på å kjøpe dette. I denne saka er det viktig at me får på plass ein reguleringsplan for området, og dette arbeidet vil no verte prioritert. Når denne er på plass, har me fått signal frå fylket om at det mest sannsynleg vert gjeve dispensasjon, slik at me kan nytte området til bustadfelt :))
3. Sekse småbåthamn: IAG har utarbeidd og sendt inn reguleringsplan for Sekse småbåthamn i Markastå på Sekse. Denne skal opp til godkjenning på møte i heradsstyret i juni. Prosjektet vil no vidare delast i 2 delprosjekt, bestående av aktivitetspark og båtlag; IAG arbeider vidare med aktivitetsparken, ilag med IL Føyk, medan båtlaget vil verta oppretta som eige frittstående selskap, eigd av medlemmene i båtlaget.

Den 24.mars var det oppstartsmøte for Sekse Båtlag. Her vart det oppretta eit interimstyre, som vil stå for vidare utvikling og drift av båtlaget. Interimstyret består av: Siv H. Haukelisæter, Stig Hesjedal, Helge Hauso, Terje Mala og Inge Børve.

Leiar i IAG har arbeidd mykje med aktivitetsparken, og har fått med Nasjonale turistvegar på prosjektet. Her vert det no arbeidd med å skaffe kapital til realisering av prosjektet.

Møterommet på skulen er ferdig oppussa, med møtebord og stolar til 14 stk. Her er det og montert storskjerm, som kan nyttast ilag med PC. Tinging av møterommet gjer ein på heimesida til IAG.

OBS: Det vert eit spennande møte ang kommunereforma den 29.april, i Grannatun. Sjå vedlegg. Oppfordrar alle som har høve til å møta opp!

IL FØYK

No er sommarsesongen i gang, og Trimkarusellen vert arrangert 23.04, 28.04 og 3.05. Oppmøte ved Sekse barnehage kl 18.00 dei to fyrste gongene. 3.mai vert karusellen avslutta med grilling, sal av kaka og brus. Oppmøte kl 15.00 ved barnehagen.

Føyk satsar på å få arrangert tur over Folgefonna i mai, og Dronningstien i august. Her er det berre å melde si interesse :))

Liatraven er som vanleg på plass, og me vil nok ein gong reklamera for desse fine turane; Stegastein, Galden, Seksehovden, Hovlandstølen og Våga.

Føyk har fått 40 000 i tilskot til merking av turløyper, frå Gjensidigestiftelsen og Hordaland Fylkeskommune. Desse midlane kjem godt med i arbeidet med å få utarbeida eit kart i målestokk 1:25 000 i A2 format (og 1:50 000 i A4 format), som dekkjer områda i krinsen.

I tillegg arbeider Geir Guddal med å GPS- merka alle turstiane, slik at det vert mogleg å nytte desse når ein er ute på tur.

Kveldsmatturar er eit populært innslag for dei minste. Føyk vil arrangera to slike i tida framover, men her tek ein det litt etter «vær- og føremeldingar». Følg med på FB, der det vil verte annonsert.

Føyk ynskjer å satsa på klatring, og har utdanna to Brattkort-instruktørar. I vinter var det aktivitetsdag i Tyssohallen, der mange klatreglade ungar / ungdom deltok.

Føyk har og gått til innkjøp av eit bordtennisbord, som er plassert i gymsalen. Så no har ein moglegheit til å prøva seg på ein «ny» aktivitet.

BØRVE, SEKSE OG ESPE ELDTRELAG:

Det nærmar seg sesongens siste møte i eldtrelaget. 16.april vert det møte i Grannatun kl 16.00. Alle over 60 år er hjarteleg velkomne til å vera med!

7.mai arrangerar eldtrelaget ein dagstur i nærområdet. I år går turen til Tyssedal Hotell, der dei får informasjon kring malerisamlinga på hotellet. Etter ein kaffitår, går turen vidare til Tjødnadalen Gard. Her vert det servert ein betre middag, i flotte omgjevnader.

ROSSAVARDEN 4H:

Rossavarden 4H har akkurat gjennomført ein vellukka vintertur til Sandhaug. Her var mange av medlemmene med, og deltakarane fekk prøva seg i både godt og dårleg vær.

Elles vert det fylgjande aktivitetar i 4H framover: Loddsal, sommaravslutning, tur til Rossavarden, samt arbeid med oppgåvene. Haustfesten i år er sett til 25.oktober.

17.MAI 2015:

Årets komite ynskjer at 17.mai skal vera eit flott, årleg innslag i krinsen!

Me støter heile tida på utfordringar, men prøver å finne gode løysingar. Me satsar på at fasilitetane vert betre dette året, og at korpset dukkar opp. Men me er heilt avhengige av at bygdefolk er flinke å stille opp, både i toget og markeringa elles. Håpar og at russen tek seg tid til å dukke opp, med liv og latter.

I samband med 17.mai feiringa ynskjer me at dei ulike laga/organisasjonane vert meir synlege i toget. Difor oppfordrar me lag/organisasjonar om å byrje arbeidet med å laga seg faner, og/eller koma med andre tiltak som kan skapa liv i toget. Me trur dette hadde vore eit løft for 17.mai toget vårt, og kan vera eit spennande arbeid i dei ulike laga.

GRANNALAGA:

Aktiviteten i Grannalaga er størst i vinterhalvåret, og er i «dvale» i sommarhalvåret. Men begge husa er mykje nytta til ulike aktivitetar.

I Grannatun vert det ein del aktivitet framover, med dugnad på sørveggen og kraftig nedvask før utleige til konfirmasjonar o.l.. Her er det planlagt å byggje nytt kjøkken til hausten, men dei ventar på svar om omsøkte midlar. Ny leiar for Grannatun er Marie Synnøve Børve. Espe Grannalag har ferdiggjort utearealet, og har store planar om å måla huset i løpet sommaren. Etter det står nytt dansegolv, oppjustering av toaletta og byting av sørveggen på planen.

GRENDAPORTRETT: Joar Kvittingen alias «Fjeldaben»

Bur i Fresvik, gift med Solrunn Fresvik, og saman har dei sønene Steinar og Magnus. Arbeider på TTI i Tyssedal, og er langt over middels god i det meste.

Gjekk aktivt på ski, deltok på løp (men vart dårleg i leggane), likte ikkje sykling, og dermed vart det inline-skøyter. Noko han er vorte knakande god i!

Joar hadde vore på kurs i på Oppdal, og på veg heim stoppa han i Lillehammer. På eit bord utanfor ein sportsbutikk, låg eit par rulleskøyter. «Dette vil eg byrje med», tenkte Joar, og dermed var eventyret i gang. Han har haldt på i 13-14 år, og konkurrert aktivt i 6 år. Fyrst med rulleskøyteklubben Wrickling Bottoms (som av ein eller annan årsak hadde 3 mill treff på nettsida si), ein klubb på Hamar med medlemmer frå heile landet. Denne er nedlagt, og Joar går no for Hardanger Skøyteklubb. Her er han den einaste som aktivt konkurrerer på rulleskøyter.



Joar vert berre betre og betre, og går fortare no som 54-åring enn han gjorde når han starta som 40-åring. Dette skuldast at sporten krev styrke og teknikk, og har ikkje same krav til uthald som t.d. løp og langrenn. Han går no like fort som mange av 20-åringane, og i denne sporten tel verkeleg sekunda. I Berlin Maraton stiller om lag 8000 til start, og Joar vart i fjor nr 104 i sin klasse på tida 1.14.16. (Han som var nr. 2 hadde tida 1.14.09).

Joar trenar i nærmiljøet. Me som pendar til og frå Odda, får av og til eit glimt av han der han skøyter bortover den heller dårlege asfalten. Utanom å trene langs vegen i fjorden, nyttar han ofte gangvegen mellom Odda og Eitheim eller på Bu. Her er det mange som har fått ein liten støkk, i det han susar forbi dei utan så mykje lyd. Svingteknikk trenar han på området til TTI. Perfekt treningsarena for dette, meiner han sjølv.

Joar likar å konkurrera. Og han vert motivert av det å vera god, og heile tida klare å forbetra seg i noko. Så treffer han mange nye folk, noko som kan vera ei mangelvare i Fresvik. Minuset med denne sporten er at han må ut av landet for å konkurrera. Medan dette er ein liten sport i Norge, er den stor i utlandet. Og det er her dei attraktive konkurransane vert arrangert. Dette kostar sjølvstakt både tid og pengar. Både Joar og Solrunn er kjent for å vera løysingsorienterte, så når dei er på ferie hender det at Solrunn tek ein dag på stranda, medan Joar fyk til ein by og går eit rulleskøyteløp. Om kvelden er begge nøgde med dagen. Kanskje ei oppskrift for fleire?

I fjor vart Joar nr.4 i German Inline Cup uansett alder - imponerende! Dette er ein cup som inneheld 4 løp, og der det er over 2000 deltakarar. Han gjekk og Berlin Halvmaraton på under 40 minutt (38 minutt), og kvalifiserte seg dermed til å delta i Eliteklassen i år! Grunna storstans på TTI i år, vert det noko mindre konkurranse dette året. Men han har allereie opna sesongen med Berlin Halvmaraton 29.mars. Han satsar og på å gå Veteran EM i Italia 24.mai. Me ynskjer Joar lukka til, og er stolte over å ha ein av landets beste rulleskøyteløpar i krinsen!

